

GAMAL ENKULTUR

Den gjennomgripande utviklinga i jordbruket dei siste mannsaldrane har ført med seg store omskifte når det gjeld engkulturen. I staden for den gamle bruksmåten der dei same jordstykkka vart nytta til åker år etter år, har me fått det moderne skiftebruket. I staden for den gamle gjødslingsmåten med så å seia berre husdyrgjødsel, har me fått ein stendig aukande bruk av kunstgjødsel. Føremålet med denne spørjelista er å få vita korleis engkulturen har vore utover landet før skiftet i bruksmåtene sette inn. Ein vonar at det enno finst att såpass mykje tradisjon om dette, at det kan lata seg gjera å gje eit bilete av den gamle bruksmåten, som det vel enno finst nokså mange restar att av. Det er av serleg interesse å få greie på nemningane for dei ulike slag eng og slåttemarkar. Ein har vel alle stader delt inn enga etter kvaliteten og etter lægjet. I denne spørjelista nyttar me ordet eng som eit samnamn for det som låg innanfor bøgarden, utslåtter som eit samnamn for det som låg utanfor.

1. Nyttar ein ordet eng og utslåtter i den meininga som det er gjort ovanfor i Dykkar målføre og, eller hadde ein andre nemningar? Kjenner ein ordet ekre og att(er)le'e? Kva tyding legg ein i dei? Hadde ein ulike namn for enga etter kvaliteten, t.d. tjukkeng, tadeng, småeng? Hadde ein ulike namn på grovare og finare høy? Korleis var nemningsbruken når det galdt utslåtter? Her har det vel ofte hatt mykje å seia kor vandt det var å slå. Dei kunne t.d. skilja mellom langorvslåtter og stutturvslåtter.

2. Rydjing

På eng og utslåtter der det vaks tre, måtte kvist og lauv rydjast bort, og tre og krattskog laut vel og stundom hoggast, kanskje i samband med lauving.

Kva tid og på kva måte gjorde ein dette?

Kva kalla dei dungane med kvist og rusk? Døme: rudningsdyngja.

Kva namn hadde dei på sjølve arbeidet?

Let ein kvisthaugane rotne, eller brende ein dei? Bruka ein oska til gjødsel?

Gjorde ein noko for å rydja bort store og små steinar frå eng og utslåtter?

3. Mosevaksen eng

Kva råd hadde ein med eng som var mosevaksen?

Gjorde ein noko for å fremja grasvoksteren i enga etter at ein hadde fått mosen bort, t.d. ved å så grasfrø?

Kjenner ein i det heile til at det har vore bruka å så heimeavla eller kjøpt grasfrø i tida før skiftebruket, anten i tunn eng eller i åkrar som ikkje dugde til åkrar lenger?

4. Myr og vassjuk eng. Vatning

Har ein gjort noko for å leida bort vatnet frå myr eller vassjuk eng i eldre tid?

Har det vore bruka vatning av eng, mogleg i samband med gjødsling?

Gjødsling

Når det gjeld gjødslinga, kjem me i denne spørjelista til å skilja mellom gjødsel som vart oppsamla den tid av året då dyra vart fora inne, og gjødsel som dyra la att etter seg den tida av året då dei gjekk på beite.

5. Har ein gjødsla eng og utslåtter med vintergjødsel? Var dette i bruk frå gamalt av, eller kan ein seia kva tid det tok til?

Kor stor part av vintergjødsla vart nytta til enggjødsling? Var det serskilde slag husdyrgjødsel som vart

nytta til enggjødsling, t.d. sauemøk?

Kor sterkt vart enga gjødsla?

Var det vanleg å rekna ei viss mengd med lass for kvart engstykke?

6. Hadde ein eit serskilt namn for eng som vart gjødsla med vintergjødtsel? Døme: I Namdalen, Orkdalen og fleire andre stader har slik eng vorte kalla "fraueng". Andre stader i landet har dei nytta ord som "tøeng", "tobødn".

Hadde dei et serskilt namn på høyet frå slik gjødsla eng, t.d. "hevdaför"?

7. Har det vore vanleg å setja husa slik at visse engstykke skulle få njota godt av den hevda som seig or tunet, serleg frå uthusa?

Hadde ein noko namn for tunsiget, t.d. "tadsig", "takseg", "losig"?

Gjorde ein noko for at tunsiget skulle spreia seg betre utover, t.d. ved å grava små grefte e. l.?

Hadde ein noko serskilt namn for eng som vart gjødsla av tunsiget, t.d. "loteig"?

La ein vinn på å leggja åkrane på haugar eller i bakkar, slik at siget frå dei skulle gjødsla engstykke som låg nedanfor?

8. Gjødsla ein enga om våren eller om hausten?

Nytta ein dei same reiskapane som ved åkergjødsling?

Fortel korleis gjødselkøyringa, spreinginga og smuldringa gjekk for seg, og gjev opp namn og nemningar for arbeid og reiskap. Det er av serskild interesse å få vita korleis reiskapane var laga. Her har det sikkert skift med ulike typar i manns minne. Grei ut om kor lenge dei eldste kjende typane har halde seg i bruk, og om kva tid ein gjekk over til moderne reiskapar og arbeidsmåtar.

9. Har det vore bruka å lata husdyra beita eng og utslåtter?

Gjorde ein dette med serleg tanke på at enga og utslåttene skulle verta gjødsla? Den viktigaste grunnen var vel skort på høy til innefôring, men det er spørsmål om dei rekna med at denne beitinga haust og vår var til bate for enga samstundes som ho var til bate for enga sam-

stundes som ho var til bate for dyra.

Fanst det engstykke som aldrig var beita?

Var det skilnad på kva for engstykke som vart beita om våren og kva for nokre som vart beita om hausten?

10. Er det noko skifte i dette dei siste mannsaldrane? Ein ynskjer å få vita i kor stor mon engbeiting har gått or bruk og kva tid skiftet har gått føre seg.

11. Gjorde ein noko for å jamna utover den gjødsla som dyra la etter seg på beitet?

Kva tid gjorde ein det og kva reiskapar bruka ein?

Ymse stader har dei hatt ein serskild reiskap til dette arbeidet, oftast på skap som ei klubbe ("møkjaklubbe", "lorteslag", "møkjabankar").

I Setesdalen hadde dei ein reiskap som dei kalla spjatt. Det var ein stokk med ein bøyg i enden.

Kjenner De til ein liknande reiskap frå Dykkar bygd?

Om så er, korleis var denne reiskapen laga og kva namn hadde ein på han?

12. Korleis overnatta krøtera når dei gjekk på vanleg beitemark?

Har ein bruka sumarfjøs, og vart desse fjøsa bygde attmed utslåtter, slik at utslåttene kunne verta gjødsla av den møka som vart oppsamla ved sumarfjøset?

Hadde sume gardar fleire slike fjøs, slik at dei hadde krøtera ei stund i det eine og ei stund i det andre for å skaffa gjødsel til fleire utslåtter?

Kva tid på året var denne gjødsla spreidd utover?

13. Dersom krøtera ikkje vart stengde inne i eit fjøs om natta, den tida dei gjekk på beite, vart dei då stengde inne i ei innhegning?

Hadde dei fleire slike innhegningar?

Kva vart dei kalla i Dykkar målføre?

Grindgang eller kviing

Frå ymse stader i landet (serleg Nordland og fjellbygdene på Austlandet) har me vitnemål om at dei i eldre tid nytta innhegningar som kunne flyttast. Desse innhegningane vart sette opp både på eng og utslåtter. Når kyrne skulle mjølkast, vart dei jaga inn i kviene, eller grindene som dei og vart kalla. Det same vart gjerne gjort med sauene og ungbeita. I Setesdalen vart kveene flytta kvar dag. Andre stader vart dei gjerne flytte annankvar eller tridjekvar dag.

14. Dersom noko slikt er kjent frå Dykkar kant av landet, ynskjer ein å få vita korleis det heile gjekk for seg, m. a. korleis grindene eller kveene var laga. Kva dei vart kalla, og kva ein kalla heile framgangsmåten (grindgå enga, kvia eller kvereka t.d.). Om grindene vart bruka på eng eller utslåtter eller baae deler. Om gjødsla vart slegen utover og smuldra når grindene vart flytte, og kva slag reiskap dei bruka til dette.

Finst det gardar der dei enno brukar grindgang, eller kva tid gjekk grindgangen or bruk?

15. Gjorde ein noko for å halda udyr som varg og bjørn borte frå grindene?

Laga ein t. d. ein fillemann som ein sette opp eller la ved grindene?

Korleis var han laga og kva vart han kalla?

16. Låg folk på vakt ved grindene om natta?

Hadde dei vakthus til å liggja i, t.d. eit hus på meiar som dei flytte med grindene?

Kva kalla dei eit slikt hus? Døme: Grindhus, kvibud.

Kven låg ute på vakt?

Når vart det slutt med dette?

17. Fekk hjuringen mat når han kom med buskapen til grindene? (Grindmat.)

Kva fekk han?

18. Har ein hatt sauefjøs utan golv som stod på hjul, der ein slepte sauene inn om natta og som ein flytte utover enga (sætervollen) for å gjødsla marka?

19. Ivar Aasen fører opp i ordboka si desse orda som han meiner har ei liknande tyding som kvi eller kve: Kru, trød (trode, trøda), trod, tåg (oftast i forma tåje eller taie), tappa, stød, stod, støl. Er noko av desse orda bruka i Dykkar målføre, og kva tyding legg ein i det? Vert det bruka som stadnamn, t.d. som namn på ein åker eller eit engstykke?

20. Hadde dei inngjerd slåttemark på sætra? Kva kalla dei det? Døme: Stølstræde. Er dette gamalt i Dykkar bygd? Går det attende med stølslåttan no, av di dei tykkjer det er for tungvint? Vart stølstrædet gjødsla, og korleis gjorde ein det?

21. Vart enga gjødsla med andre ting enn husdyrgjødsel, t.d. fiskeavfall, tang, oske, sild? På kva måte skaffa dei seg denne gjødsla? Korleis var framgangsmåten når dei gjødsla med slike ting?

Det er nok mange sider av den gamle engkulturen, serleg lokale sermerke, som ikkje har kome med i denne spørjelista, fordi me veit for lite om dei. Dersom De har opplysningar som De trur kan ha interesse, vil me be Dykk vera gild og ta dei med i svaret, same om det ikkje beinveges er spurt etter dei i spørjelista.